

Miljøkrav til kunstgrasbanar vil føra til høge kostnader.

24.09.2018



Eit av miljøkrava er å få montert sandfangkummar som samlar opp gummikulene.

Nye reglar for kunstgrasbanar frå Miljødirektoret har vore ute til høyring. Nye og strengare miljøkrav og utbetringar vil medføra høge kostnader for eigarane. Av sju slike banar i Kvinnherad er Kunsten i Uskedalen eigd og driven av Uskedal Idrettslag. Miljøkrava går særleg på korleis ein skal hindra at gummipartiklar og plast kjem på avveggar.

Nytt regelverk vert innført frå 1. januar 2019. Det vert lagt inn ei overgangstid på to år. Eigar vil med andre ord få to år på seg til å iverksetja tiltak. Nye forskrifter gjeld både for eksisterande og for nye banar. Kostnaden er estimert til mellom 0,5 til 1 million kroner.

Av tiltak som må gjerast, nemner vi:

- Rundt kvar kunstgrasbane skal det vera ein fysisk barriere
- Inngangane til banen skal ha rist som fangar opp gummikulene
- Det vert montert sandfangkummar for å hindra at kuler kjem på avveggar og vert ført med vatnet eller ut i graseng
- Kvar bane skal ha eige område for lagring av snø, innafor barrieren

Bergens Tidende har i lengre tid hatt fokus på miljøkava og kva kostnader ein må rekna med kjem. Kvinnheringen skriv at Idrettslaget Trio vurderer å skifta ut gummigranulat på Kvednabekkjen med ny kunstgrasmatte utan gummekuler.

Uskedalen.no er ikkje kjend med kva styringsgruppa for banen i Uskedalen vil gjera. Dette er ei sak det vert mykje fokus på i åra framover.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Kunstgrasbanen i Uskedalen opna i oktober 2015. Nye miljøkrav vil føra til høge kostnader for eigar.